



NOREGS HÖGSTERETT

Den 21. juni 2016 vart det av Högsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Stabel og Normann i

HR-2016-01334-U, (sak nr. 2016/1074), sivil sak, anke over orskurd:

A (advokat Preben Henriksen)

mot

Staten v/Utlendingsnemnda (advokat Marit Asphaug)

sagt slik

O R S K U R D :

- (1) A har anka avgjerd om sakskostnader i Borgarting lagmannsretts dom 13. mai 2016 i sak nr. 15-132677ASD-BORG/02 mot staten v/Utlendingsnemnda. A har gjort gjeldande at lagmannsretten ved ein feil har gløymt å ta med rettsgebyret når han vart tilkjend sakskostnader for tingretten og lagmannsretten. Ankemotparten har sluttar seg til anken.
- (2) *Högsteretts ankeutval* viser til at ankedomstolen etter tvistelova § 20-9 tredje ledd berre kan prøve lovbruken og saksbehandlinga, og bevisvurderinga så langt den berre gjeld sakskostnadsavgjerala.
- (3) Utvalet legg, i samsvar med det partane har gjort gjeldande, til grunn at lagmannsretten ved ein feil ikkje tok med rettsgebyret i tilkjende sakskostnader. Lagmannsrettens dom, slutninga punkt 3 og 4, må derfor opphevast. Saka er tilstrekkeleg opplyst til at utvalet kan ta realitetsavgjerd, jf. tvistelova § 20-9 tredje ledd siste punktum.
- (4) Rettsgebyret for tingretten var 6 880 kroner og for lagmannsretten 27 675 kroner. Desse beløpa blir lagde til tidlegare tilkjende sakskostnadsbeløp i dei beløpa som utvalet no fastset.
- (5) Ankande part har sett fram påstand om sakskostnader. Påstanden blir teken til følgje, og beløpet blir sett til 11 150 kroner, der salær medrekna meirverdeavgift utgjer 5 000 kroner og

rettsgebyret 6 150 kroner.

- (6) Orskurden er samrøystes.

S L U T N I N G :

1. Lagmannsrettens orskurd, slutninga punkt 3 og 4, blir oppheva.
2. I sakkostnader for tingretten betaler staten v/Utlendingsnemnda 66 692,50 – sekstisekstusensekshundreognittio 50/100 – kroner til A innan 2 – to – veker frå forkynninga av denne orskurden.
3. I sakkostnader for lagmannsretten betaler staten v/Utlendingsnemnda 95 720 – nittifemtusensjuhundreogtjue – kroner til A innen 2 – to – veker frå forkynninga av denne orskurden.
4. I sakkostnader for Høgsterett betaler staten v/Utlendingsnemnda 11 150 – ellevetuseneitthundreogfemti – kroner til A innen 2 – to – veker frå forkynninga av denne orskurden.

Ingse Stabel
(sign.)

Karl Arne Utgård
(sign.)

Kristin Normann
(sign.)

Rett utskrift: